

# Bygdabladet

for BOKN



Hummarsesong s. 14



Kjemperesultat med fantastisk start.  
Les meir s. 4



Landets eldste ektepar frå Bokn.  
Les meir s. 8



Stavanger2008: Bokn er med på storstilt opning.  
Les meir s. 17



# RDFØRAREN RDET

## Kjære sambygding!

Siden forrige utgåve av Bygdabladet har me i Bokn gjennomført kommune- og fylkestingsval og konstituert eit nytt kommunestyre for dei neste fire åra. I den samanhengen blei eg vald til ny ordførar. Eg vil nyta høve til å takka boknarane for tilliten. Det er med stor motivasjon eg tek fatt på denne viktige jobben.

Læringskurven er nok forholdsvis bratt, men eg ser fram til å veksa inn i rolla. Oktober har elles vore prega av at heile regionen har levd i eit "politisk vakum" der dei politiske vedtaka har uteblitt i påvente av at lokaldemokratiet skal opp å gå att med nye folkevalde.

## Unge politikarar

Bokn har etter valet fått eit kommunestyre med regionens lågaste gjennomsnittsalder på representantane. I tillegg har me fått eit fullstendig skifte av formannskapet og nye andlet i dei fleste utvala. Kommunestyret er breidt samansett både når det gjeld kjønn, alder og profesjon, samstundes som me har fått med oss politikarar som har vore med tidlegare. Sistnemnde representerar kontinuiteten i kommunestyret og er viktige aktørar i den politiske prosessen.



Foto: May Jorunn Vatnaland

**Ordføraren overrekte heidersmedalje til Sigmund Alvestad for lang innsats i politikken. Sigurd Johnny Svendsen var ikkje til stades og vil få overlevert medaljen ved eit seinare høve.**

Red.



Foto: May Jorunn Vatnaland

**Avtroppende ordførar Svein Ove Alvestad fekk overrekta gäve og blomar frå Bokn kommune.**

Red.

## Avslutning

Tysdag 23.10.07 inviterte kommunen til middag på Sjøhuset i Alvestadkroken for å markera avslutninga for det avgåtte kommunestyret og opninga av det nye kommunestyret.

Dette var også kvelden for å takka av Svein Ove Alvestad for den jobben han har gjort som ordførar i kommunen dei siste åtte åra. Eg hadde også glede av å dela ut Kommunenes Sentralforbund sin heidersmedalje til Sigurd Johnny Svendsen og Sigmund Alvestad, som kvar har stilt opp for felles-skapet i 24 år.

## Lege

Når det gjeld situasjonen i helsesektoren, jobbar administrasjonen i desse dagar med å få på plass m. a. ny kommunelege og seksjonsjef for seksjon helse, sosial og barnevern. Det har blitt gjennomført intervju av aktuelle søkerarar, men p.t. er ikkje noko avklart. Meir informasjon fylgjer i neste utgåve av Bygdabladet. Bokn tannklinikks opnar igjen tysdag 20. november etter å ha vore stengt ein lengre periode.

## Sørheimutvalet

Fredag 26.10 la inntektssystemutvalet, det såkalla Sørheim-utvalet, fram si innstilling med forslag til endringar av overföringssystemet til kommunane. Eit av forslaga går ut på å endra prosentsatsen i ut-

jamningsmodellen frå dagens 55 % til 60%. Dette betyr at rike kommunar blir fråtken fem prosent meir av sine inntekter over gjennomsnittet, enn tidlegare. Ei førebels utrekning visar at Bokn kan bli ein av dei kommunane i landet som tapar mest på ei slik omlegging.

Eg og rådmannen kjem til å gå grundigare gjennom denne innstillinga for å avdekka betre kva utslag dette vil få for Bokn. Det kjem meir informasjon om saka i neste utgåve av Bygdabladet.

---

**Ordførar Kyrre Lindanger takka av avgått leiar av Forvaltningsstyret, Per Helge Sunde.**

**Red.**



Foto: May Jorunn Vatnaland

## Val til ny kommunestyreperiode som forventa

Reidar Alvestad

**Den 9. oktober samla det nye kommunestyret seg for mellom anna å velja ny ordførar, varaordførar, kontrollutval, formannskap og forvaltningsstyre.**

Avgåande ordførar Svein Ove Alvestad leia heile møtet, og overrekte til slutt ordførarkjedet og nøklar til ordførarkontoret til den nye ordføraren, som er Kyrre Lindanger.

### Som bestemt på førehand

Rett etter kommunevalet gjorde Arbeidspartiet,



**Kyrre Lindanger har fått overlevert ordførarkjedet og blir gratulert av Svein Ove Alvestad, som har vore ordførar i åtte år.**

Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti ein avtale om at dei tre partia skulle ha 6 av 7 representantar i Forvaltningsstyret og Formannskapet.

### Kontrollutval

Pga. spesielle reglar for val av kontrollutval, måtte dette veljast først. Høgre hadde framlegg på Olav Rossebø, medan dei andre tre partia streva litt med å finna medlemmer som kunne godkjennast i forhold til reglane.

Etter gruppemøte kom det etter kvart i orden, og i tillegg til

Olav Rossebø vart Daghild G. Alvestad og Gunnar Solberg valde. Olav Rossebø vart vald til leiar, og Gunnar Solberg nestleiar.

### Formannskap

Desse vart valde:

Kyrre Lindanger (A)  
Anne Faye (A)  
Arne Hosaas (A)  
June Kro (S)  
Tormod Våga (S)  
Johannes Nilssen (S)  
Lars Sigmund Alvestad (H)

Kyrre Lindanger vart vald til ordførar med akklamasjon (klapping).

Ved val på varaordførar vart det krevd skriftleg avrøyting. June Kro fekk 13 røyster og vart dermed varaordførar. 4 røyster var blanke.

### Forvaltningsstyre

Her vart desse valde:

Rune Vatnaland (S)  
Ottar Borgenvik (S)  
May Jorunn Vatnaland (S)  
Anne Lise Nilsen (A)  
Elisabeth Tharaldlien (A)  
Oddvar Hognaland (Kr.F.)  
Jostein Larsen (H).

Rune Vatnaland vart vald til leiar, og Jostein Larsen til nestleiar.

Som medlem til representantskapet i Haugaland Kommunerevisjon IKS var det forslag på Arne Hosaas og Olav Rossebø. Arne Hosaas vart vald med 13 røyster. Olav Rossebø fekk 4 røyster.

### Ordførarkjede og nøkkel

Avgåande ordførar Svein Ove Alvestad avslutta med å takka for samarbeidet med kommunestyret, og overleverte ordførarkjede og kontornøkkel til påtroppende ordførar Kyrre Lindanger, som gleda seg til å ta fatt på oppgåva.

## Kjemperesultat med fantastisk start!

Jardar Havikbotn

### Bokn viste nok ein gong at givargleda er i landstoppen.

Som venta blei totalsummen frå Bokn høg under årets TV-aksjonen, etter at barnehagen og skulen nesten samla inn kr. 26.000 før aksjonsdagen, i tillegg til Formannskapet sitt bidrag på kr. 10.000. I bøssene var det nemleg kr. 46.651, det nest beste bøsse-resultatet nokon gong.

### Ny rekord

Summen av bøsser og gåver (før bidraget frå regjeringa og ev. innringningar m.m.) kom opp i kr. 82.547. Det er ein ny og solid rekord, noko barnehagen bidro sterkt til.

Berre ein gong tidlegare har det totale innsamlingsresultatet (etter regjeringsbidraget og ev. innringningar m.m.) vore høgare. Det var i 2004, då TV-aksjonen heitte Hjerterom, og då me til og med slo Utsira og blei nr. 1 i Rogaland, med kr. 123,97 pr. innbyggjar.

Det var det året me i etterkant blei forklart at mange boknarar ringde inn beløp om kvelden.



**UNGANE ER MED:** Tone Hognaland med dottera Madelene og Kjell Frode Lie med dottera Hedda Amilde.



**MED TV-AKSJONSKAKA:** Fv. May Jorunn Vatnaland i SR-Bank Bokn, varaordførar June Kro og Arne Hosaas - formann i Bokn idrettslag, som gjekk med bøssene i år.

Foto: Linda Ognøy

I år tilsvarte innsatsen frå Bokn kr. 118,56 pr. innbyggjar, nok ein gong bak Utsira og Kvitsøy her i Rogaland og nr. sju blant landets mest gavmilde kommunar - ikkje langt frå rekordresultatet frå tre år tilbake.

### Blant dei flinkaste

Varaordførar June Kro fortel om mykje folk i det nye fellesstorget aksjonsdagen, folk med godt humør, som etter å ha gått ruta si kunne rapportera om imøtekommande og blide givarar rundt omkring i bygda. Boknarane kan vera stolte av å vera blant dei flinkaste i landet på slike innsamlingar.

- Me må kanskje ha to kaker neste år, legg May Jorunn Vatnaland til.

Det har nemleg aldri vore så mange bøssebærarar før, rundt 25 stk.

- Spesielt kjekt er det at bøssebærarar kjem med ungane sine for å gå årets viktigaste sundagstur, avsluttar varaordføraren.

Kommunekomitéen vil uttrykka ein stor takk til bøssebærarane og til SR-bank Bokn for sikker handsaming og organisering av pengane samt sosialt samkvem med kake og kaffi.

---

### Innsamlinga fekk ein fantastisk start då barnehagen og skulen slo til med kr. 25.896 den 18. og 19. oktober.

Det blei ny rekord på skulebasaren den 19., kr. 16.673,- Det er kr. 1.005,- meir enn rekorden frå i fjor. Ein smilande rektor kan rapportera om fine gevinstar og mykje folk.

- Me hadde m.a. to populære Amanda-gåvekort på kr. 500,- kvar, som Bokn idrettslag kom med, legg



Biblioteksjef Linda Ognøy (tv.) frå kommunekomitéen og rektor Ingjerd Ellingsen i godt humør foran gevinstbordet.

Ingjerd Ellingsen til.

Ikkje tilfeldig, Unicef samarbeider nemlig med

Idretten om TV-aksjonen 2007, "Sammen for barn".

Basaren var etter tradisjonell oppskrift; Ungdomsskulen stelte til - der 9. kl. hadde bakt kvelden før, mellomtrinnet selde lodd medan småskulen song på scenen. Songane i år var "Barnas verden" og "Du har noe ingen andre har".

I år var også felleskjensla og samhaldet om aksjonen meir tydeleg enn før. Samlege elevar og lærarar gjekk nemleg med store buttons med logoen til TV-aksjonen 2007 på - eit sterkt og flott visuelt inntrykk.

#### Suksess også i barnehagen

Silje Karin Gismarvik i Bokn barnehage kan fortella om stor respons og stappfullt hus under foreldrekaféen dagen før skulebasaren, der inntektene i år

gjekk til TV-aksjonen. Her var det sal av middag og dessert, og alle ungane selde kvar sitt haustbilde eller fotavtrykk.

Loddsalet tok heilt av. Alle tilsette hadde med seg ein gevinst. I tillegg hadde barnehagen fått gevinstar frå Coop Bokn, Bokn krabbemottak, Arsvågen Kro og gardsmat, SR-Bank Bokn, Bokn Røde Kors, Bokn musikkorps og enkelte private.

Det kom inn kr. 9.223,- Saman med skulebasar kr. 16.673 og Formannskapet sitt bidrag på kr. 10.000 har Bokn gitt kr. 35.896,- før aksjonsdagen 21. oktober. Det tilsvrar kr. 45 pr. innbyggjar.

Med tanke på at Bokn sitt næringsliv også er oppfordra til å gi gåver samt at temaet "Sammen for barn" har god appell, kan det gå mot det beste innsamlingsresultatet frå Bokn i TV-aksjon-samanheng.



Mykje folk på foreldrekafé.

**Det må også nemnast at det blei ny landsrekord i år med over 220 mill. kr.!**

**Stor takk til alle i Bokn som støtta TV-aksjonen 2007!**

## Et dikt

Eg satte meg ner for å skriva et dikt.  
Tenkte på tema: Kjærlighet og slikt.  
Men va heit tomme hadde ingenting å gi.  
Eg va i sjokk, du va blitt jentā mi.

Når eg va aleina hadde eg møje å sei.  
Eg lurte på koffor ting blei så de blei.  
Nå sitt eg her i det stora paradiset.  
Felle ingen tårer, går ront å glise.

Men någen ord må eg klara å få ner.  
Livet e herligt når du e her.  
Alt så va galt, e nå retta opp.  
Sånn e det å ri på kjærlighetsbølgens topp.

Kjetil Hamre

# Kranbil tok fyr ved Boknasund bru

Reidar Alvestad

Ved 1-tida natt til torsdag 11. okt. kjørte ein kranbil av vegen rett før Boknasund bru på Vestre Bokn, på veg nordover. Bilen tok fyr, men sjåføren kom seg uskada ut.

Det er Svein Roald Vikse ved Haugaland og Sunnhordland Politidistrikt som opplyser dette til Bygda-bladet.

## Utrykning frå brannvesent

Brannvesenet i Bokn rykte ut og fekk sløkt brannen. Den 55 år gamle mannen fekk ikkje skader.



Flammane er nettopp slokte og brannvesenet har starta avkjølingsarbeidet.

Mobilfoto: Privat

## Dyr i vegen

I fylgle politiet har sjåføren opplyst at det kom eit dyr i vegen som han prøvde å styra unna, og at dette var årsaka til at han kom utfor vegen.

**Bilberginga av den 60 tonn tunge kranbilen tok 5-6 timer, og førde til at E39 blei stengd natt til neste dag.**



Det vart sett opp skilt i begge retningar for å varsle kjørande om bilen som gjorde at passasjen forbi var innsnevra.

Foto: Jardar Havikbotn

# Høg fart og promille

Jardar Havikbotn

**Ein 20 år gammel mann frå Sandnes havna på sjukehus etter at han i høg fart køyrd av vegen på E39 ved Alvestadkroken natt til laurdag 29.09.07.**

Politiet fekk melding om ulukka kl. 03:09 og ein UP-patrulje blei sendt til staden. Ein alkotest viste at sandnesbuen, på gjennomreise, hadde promille over lovleg verdi.

Føraren av bilen framstod som uskadd då patruljen kom til staden. Han hadde berre nokre skrubbsår og ein hoven nose og blei frakta til Haugesund politistasjon for blodprøvetaking, men blei seinare same natt lagt inn på Haugesund sjukehus for observasjon etter at han klaga over smerter i magen.

## Hadde utruleg flaks

- Føraren hadde utruleg flaks som kom frå ulukka med berre lettare skader. Bilen var totalskadd, men kupéen var meir eller mindre intakt og airbagane utløyste. Heldigvis hadde vedkommande brukta bilbelte, og dette har truleg berga livet til 20-åringen, seier politibetjent Kyrre Lindanger, som var på staden.



**Ulikka skjedde på E39 ved Alvestadkroken natt til laurdag 29.09.07.**

Foto: Privat

- Promille og høg fart er ein livsfarleg kombinasjon, i tillegg til at 20-åringar har lite erfaring bak rattet. Denne hendinga kunne fort ha fått eit mykje verre utsfall, avsluttar Lindanger.

# Gjestearbeidarar på fisketur

Reidar Alvestad

Til saman 15 gjestearbeidarar frå Polen og Litauen pluss nordmenn var lørdag den 29. september på ein heildags fisketur med sjarken "Duen" og Osmund Lund som skipper.

## Velferd

Dei fleste av gjestearbeidarane er frå Polen, og det er ikkje første gong at Bokn Plast og HighComp arrangerar fisketur for gjestearbeidarane. Også ein gong tidlegare har dei hatt eit tilsvarande opplegg med fisketur.

Det er skifteiar Lasse Berg som i utgangspunktet tok initiativ til eit slikt tiltak for dei utanlandske arbeidarane. Leiinga ved dei to bedriftene var svært positive til tiltaket, og bidrog med den støtta som måtte til for å gjennomføra det.

Lasse Berg seier til Bygda-bladet at dei utanlandske



Sjarken har lagt til kai lørdag kveld, og fiskarane går i land.



Frå venstre sit Michael Chmielowicz. På høgre side skifteiar Lasse Berg som er initiativtakar til fiske-turane.

arbeidarane er dyktige i arbeidet, og står på det dei kan. Han synest dei fortener litt ekstra. Det er ikkje alltid så enkelt å koma til ein framand stad i eit anna land. Mykke er nytt, og dei må omstilla seg frå det dei er vande med.

Dei utanlandske arbeidarane arbeider på bedriftene med å laga vernedeksler til olje og gassrøyr på havbotnen. Nokre er også med i produksjonen av vindmøllehus.

## Fisk er god mat

Michael Chmielowicz frå Polen er ein av dei som var med på den 8 timer lange fisketuren som gjekk føre seg i nærområda rundt Bokn. Han har jobba i Bokn i 7

mnd., og bur i Foresvik. Han seier at det elles er lite å ta seg til på fritida. Ofte går dei og fiskar frå kaiar og nes. Han likar å fiska, og det same gjer dei fleste andre. Fisken reinskar dei og tilbereder han til middagsmat og anna. På siste fisketuren fekk dei både pigghå, hyse, lange og makrell, og åt fisk på søndagen. Av og til grillar dei fisken.



To-tre fiskar lag oppi dette karet, men dei fekk meir enn dette.

På fisketuren hadde dei mykke fiskeutstyr med, og mat og drikke. Litt verre var det med varme og gode klede. Kanskje visste ikkje alle at det kunne bli både kaldt og vått. Nokre av dei reiste heim i ein mindre båt litt tidlegare enn resten for å varma seg litt.

Arbeidarane har også tilgang til ein bil på bedrifta som dei kan nytta dersom dei skal av gårde til byen for å handla eller gjera andre ting.

# Landets eldste ektepar frå Bokn

Hjå Marie og Randulf Hapnes - 205 år til saman

Tekst: Birger Lindanger - Foto: privat

## Dronninga og Marie

I sommar bladde me tilfeldigvis gjennom den offisielle presentasjonen frå dronning Sonjas fødselsdags-feiring i Stavanger på kongehusets heimeside, "kongehuset.no".

På det tiande og siste biletet i ein serie der dronninga møtte siddisar, helsar ho på ei fjåg dame i godt vaksen alder.

I fototeksten sto det: "**Her Majesty with Marie Hapnes, 103**".

Marie Hapnes, var ikkje det ho Inga Marie, den tredje dottera til Mandius og Ingeborg Dagsland? Er ikkje ho den eine halvparten av Noregs eldste ektepar?

Me fekk dette raskt stadfesta, og etter litt undersøking, fann me at paret budde på Vågedalen sjukeheim på Hinna i Stavanger. Til saman er dei



Marie og Randulf i husværet deira i Vågedalen sjukeheim i Stavanger.



Marie og Randulf i lag med stavangerordførar Johan Sevland og varaordførar Tysdal Moe i samband med hans hundreårsdag i 2005.

faktisk 205 år!

Me skulle gjerne ha snakka med paret, og det var ikkje vanskeleg å få dei i tale. Kom bare ned, let dei om. Så blei me viste opp til det trivelege husværet til paret. Det var mest ikkje til å tru at dei begge hadde runda hundre år. Framleis var dei raske i replikken og i hovudet. Særleg Marie var fjåg og sprek, det feila visst ikkje henne noko.

Så let me Marie fortelja:

## Frå enkle kår på Dagsland

Det var ein vinterdag i 1904 at eg såg dagens lys på småbruket på Dagsland som den tredje av ein barneflokk på ni. Broren Erling fekk forresten ikkje veksa opp, han døydde i ei tragisk ulykke i 1916 bare tri år gammal.

Nå er eg den siste att, sukka ho stillferdig. Det var elles ein travel oppvekst der borna fekk oppgåver i ganske ung alder. Faren såg dei lite til, han var matros på Nattruta og pleidde koma heim på laurdagskveldane.

Garden tok mora og farfaren seg av, gamle Torgjels var alt 71 år då Marie blei født. To kyr, gris, høns og nokre sauvar var heile stasen. Garden utgjorde halvparten av livsgrunnlaget deira og det faren tente, den andre halvparten. Men det gjekk då rundt.

I dei dagar var det ikkje råd å gå lenge heime eller å

få seg særlig skulegang. Ungdomsår slik ein har nå, var det ikkje tale om. Då var det rett frå å vera barn til å bli voksen. Nett konfirmert skaffa faste Anna meg jobb i Stavanger.

Femten år gammal starta eg som barnejente hjå familien Holm som dreiv Egenes Gartneri.

### Fiskemat og kjolar

Etter dette året starta eg som ekspeditrise i ein fiskematforretning i Stavanger. Men etter bare eit år, laut eg slutta på grunn av at styraren fekk tuberkulose. Sidan jobba eg i Sauda, men var tilbake i 1920 som servitrise i Matstova i Stavanger. Der gjekk eg gradene, og i 1925, bare 21 år gammal, blei eg styrar.

Så var det slik, fortel ho, at den tri år eldre systera hadde opna syforretning i Oslo. Så drog ho til hovudstaden for å stå i syforretning.

Men dei to systrene Mette og Serine var eventyrlystne. Dei drog begge til USA, Serine hamna i 1928 i Los Angeles. Sidan jobba Marie i ein heim for landsungdom, det var kafeen der ho hadde ansvaret for. Slik gjekk det til i 1931 då ho vart sjuk og måtte dra heim til Bokn nokre månadar.

### Juletrefesten i 1932

Så let me Randulf fortelja. Han kom til verda sommaren 1905 på Hapnes i Vikedal. Nå hadde det seg slik at det i 1924 starta meieri i Føresvik. Det trøngst styrar, og dei ansvarlege tok kontakt med styraren ved meieriet i Vikevåg på Rennesøy for å få tips.

Jo då, eg hugsa godt det. Eg jobba då på dette meieriet, og ein dag kom styraren og spurde om eg kunne tenka meg å bli styrar ved meieriet i Bokn. Ein vakker dag gjekk me med motorbåten mot Føresvik. Med i båten hadde me også alskens gammalt meierutstyr fra Vikevåg.



Marie med den eldste sonen på armen i 1934.

I Føresvik fekk eg rom hjå Oscar Larsen. Med meg i meieriet som meierske fekk eg Marta fra Øystese i Hardanger. Spesialitetene våre var gammalost og arbeidsoppdragene dreidde seg om å vega inn mjølk, passa maskinane: Separatoren, pasteuriseringa og ystekaret.

Eg hugsar godt koss me treftest fyreste gongen, det var på ein juletrefest på Håland same vinteren. Så tref-



Marie og Randulf i 1934.

tes dei att på ein ny juletrefest på ungdomshuset på Hognaland og så blei dei fast i saman. Randulf kan endå hugsa turane framom Håland over Skaret og ned til Dagsland.

Sidan på året blei det bryllaup, ho var då 28 år og han året yngre. Det vil seia at dei nå har vore gifte i 75 år, kronjuvelbryllaup heiter det visst. Men å etablira ein familie på grunnlag av meieriet i Føresvik, blei snautt. Meieriet i Bjerkreim trøng styrar, og Randulf fekk tilslaget. 2. november 1932 flytta dei og fekk fritt husrom i meieriet og fekk etter kvart dei to sønene sine. Sidan hadde dei virket sitt her i Bjerkreim til i 1942.

Sidan blei han meieristyrar på Stord og ho tilsett som sekretær. Heile tida drog dei godt i saman, dei store konfliktane visste dei å gå klar. Elles blei me kostbare for landet, smilar Marie, vi har vært pensjonistar nå i 37 år, sidan 1970. Pensjonsalderen blei brukt til opplevingar med turar både til Syden og dei andre nordiske landa.

I det heile, paret har ikkje bare levt lenge, det har òg levd godt. Og framleis har me god kontakt med slekt på Bokn, rundar Marie av.

# Dr.philos-grad til Astrid Skaathun

Reidar Alvestad

**Astrid Skaathun (f. Waage)**  
disputerte den 14. september  
for dr.philos-graden ved  
Universitetet i Stavanger med  
avhandlinga "Staveferdighet".  
Ei undersøking av stave-  
tileigning i norsk barneskole.

## Utflytta boknar

Astrid Skaathun er fødd og oppvoksen i Bokn. Foreldre var Anny og Peder Waage. Ho bur nå saman med familien sin i Sandnes, og arbeider ved Universitetet i Stavanger.

I avhandlinga beskrev ho korleis elevar i norsk barneskule tileigner seg staveferdighet. Ho skriv om staving som ferdighet, system, prosess og som utvikling.

## Undersøking

Den empiriske undersøkinga fann stad hos eit årskull elevar ved ein norsk bydelsskule. Frå og med 1. til og med 6.klasse blei det samla inn data om korleis elevane stava sjølvvalte ord i skulestilar.

## Utvikling av ferdigkeit over tid

Bearbeiding av data viste at staveferdigheta utvikla seg gjennom heile barneskulen, og at det var dei elevane som skreiv dei lengste tekstane som stava mest korrekt. Funna gir haldepunkt for at staveutviklinga til elevane langt på veg



syntest å vera bestemt etter berre eit års opplæring i barneskulen.

Data viste også ein klår samanheng mellom ferdigkeit i ordkjenning og staving.

**For fleire opplysningar om avhandlinga - gå inn på [www.uis.no](http://www.uis.no) og søk.**

I tillegg til avhandlinga den 14. september, hadde Astrid Skaathun den 13.september ei prøeforelesing ved UIS i sjølvvalgt emne: "Handskriftlæring i barneskolen.

**Astrid Skaathun, utflytta boknar, har tatt dr. philos-grad om staveferdighet.**

"Barnet i badevatnet?" og i tildelt emne: "Pedagogiske konsekvensar av nyare innsikt i staveutvikling".

## 18 år ved Senter for leseforskning

Astrid Skaathun seier til Bygda-bladet at ho har arbeidd frå 1989 ved Senter for leseforskning ved Høgskolen i Stavanger, nå Universitetet i Stavanger. Det var etter at ho hadde tatt hovufagseksamen at ho vart tilsett der.

Sjølve forskingsarbeidet som resulterte i dr.philos-graden arbeide ho med i ein 10-års periode, meir og mindre intensivt. Ho hadde også ein forskingspermisjon ei tid i denne perioden. Sjølve avhandlinga er på 360 sider. Leseforskning er eit overordna begrep på den forskinga som går på i esing og skrivning.

Astrid Skaathun underviser nå mastergradstudentar i spesialpedagogikk hovudsakleg i høve til staving og stavevanske-diagnostikk.

## Laserkontroll på Bokn

Jardar Havikbotn

Sundag 30.09.07 gjennomførte Utrykkingspolitiet - UP - ein laserfartskontroll på E39 på vegstrekket sør for avkjøringa til Foresvik i tidsrommet 18:15 til 19:25.

Helgetrafikken frå Aksdal i retning ferjeleiet i Arsvågen blei målt med politiet sitt laserapparat. Kontrollen resulterte i to anmeldingar for fartsbrot og eitt førenkla forelegg.

Det høgaste fartsbrotet var det ein 47 år gammal Stavangermann som stod for. Han blei målt til 123 km/t i det han køyde forbi delar av køen som kom nordfrå. Føraren fekk førarkortet beslaglagt på staden og vil bli meldt for forholdet.

Den andre beslagskandidaten var også ein 47 år gammal mann frå sørfylket. Han blei målt til 116 km/t - dette er også beslagsgrensa for fartsbrot i 80-sona.

Begge må vera fotgjengarar ei god stund framover.

Eitt førenkla forelegg blei skrive ut til ei kvinne som blei frista til å køyra i 99 km/t på same staden. Ho blei 3.600 kr. fattigare og fekk ein prikk i førarkortet for fartsbrotet, men fekk behalda førarkortet.

## Prioritet

- Resultatet av laserkontrollen visar at det er god grunn for politiet å halda fram med aktiviteten langs E39 gjennom Bokn. Fartsnivået er generelt høgt og med tanke på alle ulukkene som har vore i kommunen dei siste åra, vil dette strekket få ein spesiell prioritet frå vår side i lang tid framover, seier politibetjent Kyrre Lindanger i ein kommentar.



Foto: UP

# Nye konfirmantar - og 50 år sidan

Reidar Alvestad

**6 av 10 av dei som var konfirmantar for 50 år sidan motte opp i Boknakyrkja sondag den 2. september.**

## Fleire i år

14 unge har i år hove til å markera konfirmasjon anten i kyrkja eller ha borgarleg seremoni. Av desse skal 11 ha konfirmasjon i kyrkja.

Årets konfirmantar i kyrkja deltok søndag den 2. september i gudstenesta med miming av visse element i dagens tekst. Dei deltok også med å visa plakatar til versa for å synleggjera innhaldet i ein salme. Det heile var godt innøvd og vart utført på ein fin måte.

Det som kom fram frå samtale og bøn dei hadde vore med å førebu, viser at dei er svært opptatt av det som skjer i samfunnet og verda for øvrig, særleg når det gjeld urett og krig.

## For 50 år sidan

6 av 10 av konfirmantane frå 1957 møtte til gudsstenesta den 2. september. Dei var også framme på golvet og blei spurta om korleis det var den gongen.

Og sjolv om det er gått 50 år, hugsa dei både kva presten heitte, og kva nye klede dei hadde på seg som konfirmantar. Dei hadde også mange minner frå "lesartida", og kva som skjedde på sjovle dagen. Tradisjonen tru drog dei til Arsvågen for eit måltid og ein drøs etter kyrketid.

---


**Dei 6 jubileumskonfirmantane som var i kyrkja 2. september var nærmast t.v: Reidun Thuestad, bak henne: Terje Ognøy, så Marit Svendsen (Bokneberg), Bak henne: Lillian Våga, så Ingvar Alvestad og Ernst Øvrebø, og sokneprest Arne Aurdal framfor dei t.h.**

---

**Bygdabladet beklager billedkvaliteten.**



**10 av dei 11 konfirmantane var til stades den 2. september i kyrkja. Eit par av dei 10 er delvis skjult bak andre.**



## Endeleg fast dekke

Jardar Havikbotn

Miljøstasjonen på Austre Bokn har i årevis vore ein solete og utrivelig plass – ikkje særleg hyggeleg å stoppa der for

å levera papir og andre ting.

Nå har imidlertid Austre Bokn Byggdalag (ABB) gjort noko med saka, fortel Kari Christensen og Tormod Våga i styret. I samarbeid med kommunen, det lokale næringslivet på Austre Bokn og entre-

prenør Odd Grønnestad er grunnen planert og ordna, og sole, gras og stein er erstatta med asfalt.

Det kommunale tilskotet er henta frå prosjektet "Kjekt på Bokn", og dekker ca. 40 % av utgiftene. Restfinansieringa gjekk næringslivet saman om.

# Kulturkalenderen

**NOVEMBER**

01. Strikkekafé kl. 18.00 – 21.00 på gammeskulen, arr. Bokn vevstove
02. Basar for ABR-senteret på bedehuset kl. 19.00
03. Haustfest/Dans - "Sjetongane fra Haugesund", arr. Bokn IL
04. Gudsteneste kl. 11.00 - Allehelgessundag
06. Speidaropptak på bedehuset kl. 18.00
08. **Forvaltningsstyremøte**
09. Kino i Auditoriet
- 11. Sundagsskule kl. 10.00 på Bedehuset**
12. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
13. Sanitetens 70 år. Fest på Allrommet
13. Speidarmøte
- 13. Kommunestyremøte**
15. Strikkekafé kl. 18.00 – 21.00 på gammeskulen, arr. Bokn vevstove
- 16. Kulturkveld på bedehuset - Tema:"Gyldne Øye blikk" v/Olav Vikse kl. 19.00 - sjå s.**
18. Gudsteneste kl. 15.00 - 4 årsbok
18. Bingo på skulen kl. 19.00 - arr. Bokn musikkorps
20. Speidarmøte
- 20. Formannskapsmøte**
- 24./25. Hegren sportsdansklubb på Norgescup/Vestlandsserien i Bergen
25. Møte, NMS, bedehuset kl. 19.30
26. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
27. Speidarmøte

- nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong -  
- daglege oppdateringer i nettutgåva -

**DESEMBER**

01. Juleavslutning på skulen kl. 13.00 - arr. Hegren sportsdansklubb
- 02. Julemesse, Arsvågen kl. 11.00 - 16.00 - sjå s.**
- 02. Julegranstening på skulen kl. 16.00, arr. Bokn Røde Kors - sjå s.**
02. Lysmesse kl. 19.00
04. Grautfest på skulen - arr. Speidaren
- 04. Formannskapsmøte**
- 06. Forvaltningsstyremøte**
07. Kino i Auditoriet
- 09. Sundagsskule kl. 10.00 på Bedehuset**
09. Luciafest på skulen - arr. Bokn musikkorps
10. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
16. Gudsteneste kl. 11.00
16. Juletrefest for born på bedehuset kl. 15.00  
Arr: Ekornspeidalar, og Småspeidalar
- 18. Kommunestyremøte**
19. Juleavslutning, Bokn skule
21. Julekonsert i Bokn kyrkje kl. 19.00, arr. Soknerrådet
24. Gudsteneste kl. 14.00
26. Gudsteneste kl. 11.00
28. Juletrefest på Bedehuset kl. 19.00  
Arr.: Frelsesarmeene og bedehusstyret
31. Gudsteneste kl. 16.00

## GYMSALTIMEPLAN, KVELD - OPPDATERT NOV. 2007

DAG	AKTIVITET	KLOKKESLETT	ANSVARLEG
Måndag	Fotball G8 og G9 Bokn musikkorps Fotball G13	16.45 - 17.45 18.00 - 20.00 20.00 - 21.30	Kjell Olav Skjelde/Atle Jøsang Jardar Havikbotn Arild Nilssen/Steeven Høyland
Tysdag	Danseskule Volleyball, ungdom	13.15 - 18.00 18.00 - 20.00	Wendy Riber Rita Bokneberg
Onsdag	Danseskule Fotball G7 Fotball J10 og J12 Bokn musikkorps	14.00 - 17.00 17.00 - 18.15 18.15 - 19.30 20.00 - 22.00	Wendy Riber Roger Jøsang Louis Medhaug Jardar Havikbotn
Torsdag	Danseskule Fotball G11 Volleyball, ungdom Volleyball, vaksne	14.00 - 17.30 17.30 - 19.00 19.00 - 20.00 20.00 - 22.00	Wendy Riber Leif Kjellesvik Rita Bokneberg Atle Jøsang

## Ka har du gjort?

Ka har du gjort med håvet mitt?  
tankane får kje plass  
Eg gjekk i fred, håvet tenkte på sitt.  
alt e farga gjønå rosa glass

Ka har du gjort med hjerta så slo?  
sin egen rolige takt  
Det hørre ein stemme så trilla og lo.  
ei kraftige mystiske makt

Ka har du gjort? Ka e det så skjer?  
eg vil ikkje hoppa av  
Loftå e fodle av kjærlighet her.  
me e livskarusells nav

Ka har du gjort? Alt e så klart.  
eg lige det eg ser  
Du male fargar på et sinn så va svart.  
eg håbe alltid du vil ver her

Kjetil Hamre

# Bygdabladet for 20 år sidan

Frå nr. 8 1987

## GASSKRAFTVERKET

### Bokn og Tysvær samde om avtale om fordeling av eigedomsskatt.

Bokn og Tysvær kommune har den siste tida vore i forhandlingar om inntektsfordeling m.h.t. den eigedomsskatten som vil koma frå eit gasskraftverk i Ognøy /Kårstø - området.

Avtalen går ut på at begge kommunar skal ha like god inntektsutvikling som fylgje av gassbasert verksmed/industri i Ognøy/Kårstø-området. Det vil seia at eigedomsskatt eller tilsvarende inntekter på det planlagde gasskraftverket skal delast mellom Bokn og Tysvær etter det til ei kvar tid gjeldane folketal.

I beregningsgrunnlaget for utrekning av inntekt pr. innbyggjar skal også eigedomsskatten Tysvær har frå Kårstø-terminalen takast med.

Avtalen går også ut på at begge

kommunane vil medverka til at oppdrettsnæringane i dei to kommunane kan samarbeida om drift av oppdrettsanlegget basert på spillvarme.

Intensjonen i avtalen skal og gjelda for framtidig gassbasert industri i Ognøy/Kårstø - området etter nærmere avtale.

Avtalen skal tre i kraft frå 1.januar året etter gasskraftverket blir sett i drift.

Skissen til avtale som begge kommunane nå er samde om, vil gjera slutt på striden om kor gasskraftverket skal liggja - og begge kommunane vil i framtida få inntekter av all gassbasert industri i Ognøy/Kårstø - området. Tysvær vil få 90% av eigendomsavgiftene, og Bokn 10%.

Avtalen skal opp til handsaming i kommunestyre i begge kommunane. Etter som ein forstår, er både Bokn og Tysvær godt nøgde med avtalen, og det kan vera eit første steg mot samarbeid på fleire felt etter som tida for fast vegsamband nærmar seg.

## Inntrykk

Når stressfaktoren blir høg og tempoet stort  
Og eg innerst inne ønske meg bort  
Bit' eg tennene saman, smile og ler  
Snurre verden fortsatt og eg e her

Det e' kje någe eg kan gjørr med det  
Eg fortsette å hørra, eg fortsette å se  
Men når eg ska setta minnene på plass  
frese de ront inni håvet, med full gass

Sakte men sikkert får eg rydda opp  
Inntrykkå e mange, de komme uten stopp  
Men å stenga verden ute, e ingen god ide  
Dår e så møje spennande så vente på å skje

Så når stressfaktoren e høge og tempoet stort  
Kan du drømma, ka du sko sei og du sko gjort  
Bit tennene saman, smil bredt og le Husk for å  
få, må du ver villige te å gje

Kjetil Hamre

©kjetil hamre

M  
e  
g  
r  
a  
t  
u  
l  
e  
r  
e  
r



Me vil gratulera den kjekke å snille mamaen våres, **Agnes Sæbø**, med 40-års dagen som var 19. oktober!  
Me e jysla gla' i deg!  
**Stor klem fra Audhild og Veronika. Pappa, Harald-Andreas og Svein Erik hilse også masse!**

Me vil gratulere **Agnes Sæbø** med 40 års dagen 19. oktober.  
**Hilsen na-boane dine, Tor Inge, Mona og Sander**



Me vil sende en hilsen helt fra Kina til den snille bestefaren vår, **Sigvard Are**, som fyller 75 år mandag 29/10.  
Gratulerer. Me ønsker deg en fin dag og tur.  
**Mange hilsener fra Margrethe og Kenneth. Ps. Me sees til jul.**  
Jorun og Olav hilser også.



Mobilfoto: Kari Hetland

## Hommarjakten

Kjetil Hamre

Når solå skinne og där knapt e et vindpust i loftå e jakten på havets kardinal ein fine ting å gjera. La gå at det henge ein eim øve båten så kan få barten te å krølla seg, fint e det ligavel.

Dobben med håpet i e lett å se på lang avstand der me skjere snerken på havet. Eg står med haken klar te å grabba taget i ann mens det fortsatt e sig i båten. Dobben slenge eg fram i båten og hale raskt inn slakken i teinetauen. Med sakte og seige drag stige pulsen når teinå nærme seg øveflatå, ikkje fordi det e så tongt å hala, men av spenningå for ka så kan ver i na. Men det enda stort sett opp med skuffelse, ein skuffelse så kan gå øve i oppgitthet, ja et ørlite raseri.

Han ler av meg den traven. Sitte med de lange antennane sine og spionere på alt eg

gjørr!

Her på Bokn har me ikkje fiska hommar så alt for lenge. Ikkje spiste me han sjøl heller, det va ein eksportartikkel te det stora utlandet. Det va hollendarar så fyrist sto for dette og betalte for vel utført arbeide. Skottane kom te litt seinare med hommarpark ront 1850, men der bade me bare i dag. Pass ligavel på storatåna. Det kan jo ligga ein luring igjen der inne.

Det seiest at før i tiå konne du plokka hommar så du plokke plommer om hausten. I vårvarm sjø konne antennane stikka øve vatnet, det har eg te gode å se.....

For min oldefar og morfar va desember ein viktige måned. Då sko julapengane skaffast og dobbane sto tett langs straen. Om me synes me e mange om beinet i dag, kan

ein tenka seg at det e ein del historiar fra desse tidene så bør fortellast itte sengetid for de minste, sjøl om me va siviliserte i de tider og!

Øve te i dag og vår jakt itte delikatessen, for det e det han har blitt. Ein dyre delikatesse, men i dag spise me an sjøl. Men først må han fangast. Teinå eg dro va skålommene. Ikkje ei stinta ein gong. Maten sko ver passe dissande og lause i kjøttet, men ingen tok imot innbydelsen. Et stykke åte te og udi med na. Tålmodig vente eg te hu treffe botnen og i siget fra båten vurderes botnen nøye.

Dunking og bråstopp, jo her e det håp for i mårå. Hvis han lar seg lura dâ.

Eg syntes vitterlig eg hørre ein svage latter. Han lure meg vel den traven!



Foto: Kjetil Hamre

# Bamsedagen

Jardar Havikbotn

**30. oktober arrangerte Bokn bibliotek "Bamsedagen" for tiande år på rad.**

Ordførar Kyrre Lindanger besøkte biblioteket og opna "Den internasjonale Teddybjørnens dag". 36 barn i alderen 3-5 år, og 14 vaksne, hadde møtt opp, og som vanleg hadde dei aller fleste barna teke med bamsen eller kosedyret sitt.

## Lesestund

Kjetil Hamre stilte opp og gjennomførte lesestund med barna. Han las frå boka "Gullhår og dei tre bjørnane".

Kjetil viste nok ein gong at han har barnetekke og fekk barna til å leva seg



Kyrre spurte barna om dei viste kva ein ordførar er for noko. "Politit" fekk han til svar.



36 barn skapte god stemning på biblioteket.

Foto: Hege Sunde

inn i forteljinga. Etterpå blei det servert saft og boller, seigmenn og bamsemums på langbord i biblioteklokala.

## Tradisjon

Biblioteksjef Linda Ognøy seier seg nøgd med oppmøtet og synest det er hyggeleg at ein har fått etablert tradisjonen med

bamsedag kvar haust. Ho rettar også ein takk til Coop Bokn som kvart år sponsrar arrangementet med seigmenn og bamsemums.



Kjetil Hamre las bok med stor innleving.




Foto: Hege Sunde

Etter mange timars dugnadsinnsats står endeleg det etterlengta **halvtaket** ferdig på **leikeplassen i Foresvik**. Ein god plass å vera når det regnar som verst, både for barnehage, skule og velforening.

Godt og vel 100 timer er lagt ned, og resultatet er bra.

- Dette er noko som har vore planlagt i mange år, men som me ikkje har kunna realisert for nå, sier Olav Lande Rossebø og Arvid K. Jøsang til Byggdablatdet.

Det er desse to, med noko hjelp av Endre Kro, som har snekra og laga halvtaket.

Etter inspeksjon tidligare i år blei dei gamle rutsjebanene tatt ned. Dei heldt dessverre ikkje dagens standard, og nå framstår leikeplassen som ein halvveis plass for barn å leika på.

Det er kostbart med nye apparat, og mesteparten av



Tekst & foto: Jardar Havikbotn

pengene til velforeninga er gått i halvtaket. Barna håper at nye rutsjebanar kan komma på plass så snart som mulig.

- Kor e rutsjebanane, undrast fv. Johan Rossebø, Kristian L. Alvestad, Raymond Hognaland, Marita L. Alvestad, Linn Sørvåg, Sofie Rossebø og Sondre Norekvål (foran).

# Kulturkveld med kåseri, dikt, spel og song

Reidar Alvestad

Det vart ei variert forestilling med Ingvar Moe sitt forfattarskap gjennom ulike former for framføring torsdag den 25. oktober i Auditoriet. Rundt 10 personar frå Etne sitt kulturliv hadde laga ei fin blanding av kåseri, diktlesing, spel og song.

te Ingjebjerr" av Ingvar Moe. Ei munter og frisk historie med fri fantasi.

## Rekved

Ei ganske ny víse/songgruppe frå Etne som består av Heidi



## Skuleelevar

Elevane Oddmund Bjørnevik Skogen og Torbjørn Brekke frå Enge skule framførte ein rap versjon av Ivar Moe sitt dikt "Eg kan". Dette var utdrag frå ein kabaret som 6. - 8. klasse ved skulen hadde spela i slutten av 2006. Friskt og flott framført!

## Kåseri og dikt

Vidare hadde leiaren i Etne Mållag, Steinar Aalvik opplesing av dikt og kåseri som bandt saman alle dei andre innslaga på kulturkvelden.

## Hulder og Bulder

Dette kalla Marta Onstein og Ingvor Gundegjerde seg. Dei har lært seg forteljarkunsten, og fortalte novella "Sommare

Levestad, Ragnhild Underhaug Ness, Jimmy Næs, Egil Rolland og Kjell Pedersen. Dei framførte songar frå Ingvar Moe sitt forfattarskap pluss ei rekke andre nummer.

Totalt sett var det ein flott kveld kor ein fekk innblikk i mykje av Ingvar Moe sitt forfattarskap som inneheld både skjemt og alvor i god harmoni.

Dessverre var det kollisjon med to-tre andre arrangement, men likevel var det nesten 30 som hadde funne vegen til auditoriet. Etterpå var det enkel servering av kaffi, rundstykke og kake oppe i dei greie lokala over biblioteket. Bokn Mållag og Bokn Bibliotek var arrangørar.

## Skulen informerer



Glen og Andreas hjelper Arild-vaktmester.



Gina og Åse klar til innsats.



Ungdomsskule-elevane ved Bokn skule har også dette året jobba inn pengar i samband med **Operasjon Dagsverk**.

I år gjekk pengane til Honduras, Nicaragua og Guatemala, og som alltid blir pengane brukte til utdanning for ungdommar, særleg for dei som held til på landsbygda.

OD er ein solidaritetsorganisasjon, for og med ungdom. Nok eit år har elevane gjort ein solid innsats og fått inn

heile **7.390,50 kroner**.

Me vil rette ein stor takk til samtlege elevar som brukte ein dag av si utdanning til å gjere det mulig for andre å få ei utdanning.

Også takk til alle som har bidratt med kjøp av dagsverk.



## Bokn er med på storstilt opning

Jardar Havikbotn

I samband med at Stavangerregionen er Europeisk Kulturhovedstad i 2008., er samlede kommunar i Rogaland inviterte til å delta i opningsseremonien 12.01.08.

På opningsdagen 12.01.08 skal alle kommunane i fylket delta ein parade gjennom byen, med "Åpen port: åpenhet mot verden" som overordna tema. Kommunane er blitt delte opp i regionar der kvar region har fått sitt spesielle tema. For nordfylket er temaet **rytme & klang**. Karmøy, Haugesund, Tysvær, Vindafjord, Utsira og Bokn har dei siste mnd., ved hjelp av koordinator/produsent/motivator Niels Petter Solberg, sett saman eit felles innslag til paraden i Stavanger.

Innslaget er ei reise gjennom Nord Rogaland gjennom dei siste 1000 åra frå det historiske tilbakeblikket frå vikingtid, via middelalder, kystkultur, eventyr/fantasi-figurar, arbeiderklassen i kystkultur, nye tider og teknologi og kultur.

I forhold til temaet rytme & klang skal Bokn musikkorps og Bokn dansekubb laga eit latino-inspirert innslag til paraden. Bokn representerer den moderne tid og dannar avslutninga på historia frå Nord-Rogaland.

### Fargerikt innslag

Boknaopprinnet i den 2 km lange paraden blir at korpset lagar samba, salsa og cha, cha, cha-musikk frå ein tilhengar. Bak kjem 12 dansepar frå dansekubben. Kommunevåpenet, Bokn-namnet og TV-antenne framme på bilen skal sørga for ein unik Bokn-reklame for tusenvis av publikummarar og TV-sjåarar.

**Stavanger2008 (S-08)** vil at paraden skal vera mektig og fargerik, og alle dei 58 deltakarane i boknainnslaget skal ha flotte, spesalsydde kostymar. Det festlege innslaget kan brukast i ulike samanheng i tida framover, både inne og ute - i og utafor kommunen.

**S-08** bidrag med kr. 20.000 til kvar kommune. Av desse går kr. 10.000 til produsenten. Bokn kommune stiller opp med inntil kr. 40.000 i kommunale midlar, for at dette skal kunne realisera.

**S-08** presiserer på heimesidene sine at kulturhovudstadsprosjektet gjeld heile fylket, der eit mangfold av kunst og kultur skal presenterast neste år.

Dette trivselstiltaket, som styrkar samhaldet mellom ulike kulturkretser i Bokn kommune, er i tråd med **S-08** sin intensjon.

**Opningsparaden byrjar kl. 15.00. Bygdabladet kjem tilbake til dette.**



Koordinator/produsent/motivator Niels Petter Solberg teiknar og fortel om paraden til korpsformann Odd Grønnestad og Wendy Riber og mora Marge frå dansekubben.

### Storkor på 1.000 - 1.500 stk.

13. september neste år har Bokn musikk- og kulturskule fått tilbod om å vera med på "Point of peace" si store forestilling i Vågen i Stavanger.

Songglade barn i alderen 7-12 år frå heile fylket kan vera med i eit enormt storkor - nok ei kjempestor kulturoppleving for livet. I forestillinga skal det nemleg vera med Nobels fredsprisvinnarar, verdsartistar, Kofi Annan, m.m.

**Meir om dette seinare.**

### Europeisk kulturhovudstad

Sidan 1984 har EU peika ut europeiske kulturbyar og sidan kulturhovedstader. Ideen til ordninga kom frå den greske songaren og kulturministeren Melina Mercouri som mente at kultur, og ikkje berre økonomi og industri, måtte kunne vera ein motor for sivilisert byutvikling.

Det var den norske regjering, som på vegne av Stavanger-regionen, søkte Ministerrådet i EU om status som kulturhovudstad, og i 2004 gjekk æra til Stavangerregionen og Liverpool.

Stavanger2008 gjeld heile fylket, og vil presentera eit mangfold av kunst og kultur.

Kommunane Stavanger og Sandnes er saman med Rogaland fylkeskommune eigarane av Stavanger2008, selskapet som planlegg, gjennomfører og evaluerer kulturhovudstadsåret.

## Bokn tannklinikk opnar igjen tysdag 20. nov.

Dei første tysdagene er fullbooka, men det er høve til å bestilla.

Pasientar som ønsker å endra på utsendte timer, må ringa for å ombooka til  
Tysvær tannklinikk, tlf. 52 75 45 20.

## Vennekjøring

Er du pensjonist/uføretrygda og treng skyss til å komma deg frå ein stad til ein annan? - t.d. til lege, ulike tilstelningar, handla på butikken m.m.

Nokre pensjonistar ønsker å vera tilgjengelege som sjåførar, og desse har ei vaktordning og ein mobiltilf. til disposisjon.



**94 14 47 35**

For å avtala tid, ring dette nr. - helst dagen før eller lengre tid på førehand.

Dei som brukar tenesta betaler til sjåfören -

- Kr. 3,- pr. km + kr. 0,50,- pr. km for kvar ekstra passasjer.
- Minstepris kr. 50,-

Vennekjøringa startar opp onsdag 7. nov. - då er tlf. tilgjengeleg.

## Ledig omsorgsbustad i Bokn

Det er ein ledig omsorgsbustad på 51,5m<sup>2</sup> frå 1. desember. Bustaden ligg i Foresvik, og er tilrettelagt for funksjonshemmede personar.

Liten uteplass mot sør, felles bod ute i tillegg til bod i husværet. Bustaden kan nyttast av ein eller to personar, og er umøblert.

Husleiga er kr. 3.500,- pr. mnd. Bustøtteordninga kan etter visse vilkår redusera husleiga. Straumutgifter kjem i tillegg.

**Søknadsfrist er 15. november 2007. Søknadseskema i Servicetorget eller hos seksjonssjefen.**

Treng du opplysningar, ring seksjonssjef Gunn Grønnestad på tlf. 52 75 25 34.

## Ei koseleg historie frå barnehagen!

Det var i lunsjtida, då me såg ein mann springande opp vegen til barnehagen i full fart! Det regna, så farta var jo ikkje noko å seie på, men han hadde noko framføre seg. Det sko visa seg å vera ei tvillingvogn!

Mannen var ingen ringare enn Gunnar Solberg. Han lurte på om me trøg ei tvillingvogn, for nå var vogna overflødig heime hjå dei.

Me trøg så absolutt ei ny vogn, så dette vart ei kjærkomen gavet til barnehagen. Me må nyitta anledninga til å få takka **alle** foreldre her på Bokn, for dei tinga dei kjem med, det vere seg bytteklede, bollar så blei til overs frå speidartilstelningar og vogner.

**Tusen takk frå alle oss i barnehagen!**

## Informasjon om legetenesta

### Bokn kommune forlengar samarbeidsavtalen med Attila Fazekas ut året.

Vi har førebels ikkje lukkast med å få tilsett ny kommunelege i Bokn. Kommunen har difor forlenga avtalen med Attila Fazekas til og med desember 2007.

Dr. Fazekas har kontor i 2. etg. i Aksdal senter. Hovudinngangen til senteret er ope frå kl. 07.00 om morgonen. Sjølvve inngangen til kontoret er ved politistasjonen, opp trappa mellom bok-handelen og sportsbutikken. Det er trappeheis som kan nyttast ved behov.

#### Opningstid:

**Mandag, onsdag, torsdag og fredag kl.08.00 – 15.30.**  
Tirsdag er Fazekas på helsestasjonen, men telefonen er

betjent av helsepersonell mellom kl. 09.00 og kl. 14.00 (Han kan avhjelpe med reseptar eller øyeblikkelig hjelp ved behov). Mandag er framleis dr. Nemeth vikar.

**Telefonnummeret til kontoret er  
52 77 77 20.**

Treng du hjelp i denne samanhengen, ta kontakt med sjukepleiarane ved Bokn sjukestove,  
tlf. 52 75 25 30.

**Med helsing Gunn Grønnestad**

## I neste blad

kan du m.a. lesa om studieturen seksjon kultur, skule og barnehage hadde til Italia, eit tilbakeblikk på åtte år som ordførar med Svein Ove Alve-

stad og den kommande boka om kulturhistoria til Bokn, det tredje bindet av bygdeboka.

For kultursoga er det svært gledeleg at kommunen har fått 500.000 i sponsormidlar frå

SR-Bank (250.000), Haugaland Kraft (100.000), Statoil (100.000) og Grieg Seafood (50.000).

På gjensyn i neste nr. av Bygdabladet.



**Arsvågen Kro  
& Gardsmat as**  
KJØTT OG GARDSPRODUKTER

5561 BOKN

Tlf. 52 74 80 00 - Fax 52 74 80 01

## JULEMESSE

I våre lokaler i 2. etg. arrangerer vi stor julemesse, søndag 2. desember kl. 11.00 – 16.00

Mange utstillere, med mange varierte produkter.

Vi serverer pinnekjøtt m/dessertbufè fra kl. 12.00



## NMS-julemesse

for Bokn og Tysvær blir på Tysvær soknehus  
**lørdag 17. november kl. 11.00 - 15.00**

Det blir sal av graut og laupskaus, kaker m.m.  
og mange fine varer.

Åresal

Andakt kl. 12.00 ved Lise Haukås Severeide

Hovudtrekning kl. 14.00

*NMS-foreningane i Bokn og Tysvær*

## Juletresalg 2007

Tradisjonen tro selger Bokn Røde Kors også i år fine juletrær fra Liv og Osmund Lund fra Sjernarøy.

Det vil bli lagt ut liste på butikken for forhåndsbestilling. Forhåndsbestilte trær vil bli levert på døra. Vi vil i tillegg selge trær i Føresvik lørdagene 8. og 15. desember. Kl 09.00-16.00 (og ev. 22.12)

Prisen blir som tidligere 280 kr.

Det vil i tillegg bli lagt ut lister under julegrantenningen som en kan skrive seg på.

Dere kan også bestille trær via tlf. til:

Unni 97 62 11 43  
Kjell Frode 90 78 37 97

## Annonser i Bygdabladet

**Hjertelig takk for oppmerksomheten i anledning 50 års dagen min.**

Randi Syversen Are

## Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie  
90 92 49 64

Kjell Frode Lie  
90 78 37 97

## Julegrantenning 2. desember 2007

Også i år vil Bokn Røde Kors arrangere julegrantenning for liten og stor.

Vi starter kl 16.00 i gymсален på skolen med lett underholdning, åresalg og selvfølgelig salg av kaker og kaffi.

Nissen har også lovet å stikke innom dersom det kommer noen snille barn...

Ta med venner og kjente og møt opp!

**Hilsen Bokn Røde Kors**



# COOP BOKN



**Nye opningstider:  
Mandag til fredag: 09.00 - 18.00  
Lørdag: 09.00 - 16.00**

**Gjeld fra 25. juni 2007**

## Behandling med

- Kranio-sakral terapi
- Helse-massasje

Ingunn Are  
Havnav. 4  
Alvestadkroken

 52 74 84 41

Prøv ein annonse i



## Utleige av minigraver 2500 kg

Pris pr. dag kr 800,- +  
moms.

Pris pr. vake kr 4000,- +  
moms.

Pris pr. dag kr 100,- +  
moms for leige av vridbar  
pussekuffe.

### Kontaktpersoner:

John Magne Lie  
mob: 909 24 964

Kjell Frode Lie  
mob: 907 83 797



## Kunngjøring

Statens forurensningstilsyn (SFT) har mottatt melding fra Olje- og energidepartementet med forslag til program for utredning av konsekvensene ved bygging av et anlegg for fangst av CO<sub>2</sub>. Anlegget skal etableres i tilknytning til Naturkraft sitt gasskraftverk på Kårstø i Tysvær kommune. Fangstanlegget vil bli bygget inne på eksisterende område for Kårstøanleggene som allerede er regulert for industriformål.

Konsesjon til Naturkrafts anlegg på Kårstø ble gitt i 1998, den gang uten vilkår om CO<sub>2</sub>-fangst. Regjeringen har i ettertid besluttet å utrede muligheten for å installere CO<sub>2</sub>-fangst i røykgassen fra Naturkrafts gasskraftverk på Kårstø. Gasskraftverket settes i drift høsten 2007. Fangstanlegget er planlagt satt i drift i 2011/2012, med byggestart i 2010.

Fangstanlegget er beregnet å redusere CO<sub>2</sub> -utslippene med 1 mill tonn/år eller ca 85% av CO<sub>2</sub>-utslippene. Anlegget vil medføre noe utsipp av aminer og andre tilsatsstoffer som følger med røykgassen.

Fangstanlegget vil også medføre økte utsipp av kjølevann til sjø, samt overskuddsvann fra fangstprosessen som vil kunne inneholde noe ammoniakk og spor av aminer og hjelpekjemikalier. Tiltaket vil videre medføre noe støy. Under spesielle vær-forhold vil det kunne dannes en dampfane som er synlig over store avstander. Det visuelle inntrykket knyttet til enkelte høye tårn og bygningskonstruksjoner vil søkes ivaretatt gjennom en best mulig integrering med eksisterende anlegg og utstyr.

Det er Olje- og energidepartementet som nå er tiltakshaver for fangstanlegget for CO<sub>2</sub> på Kårstø. Fra 1. november 2007 overtar Gassnova SF som tiltakshaver.

Målet med meldingen er å gi en tidlig varsling av tiltaket. Gjennom høring av meldingen ønsker SFT å få innspill til hvilke konsekvenser som bør utredes og framlegges i en konsekvensutredning. Konsekvensutredningen skal belyse alle relevante konsekvenser av utbyggingen.

Meldingen er lagt ut til offentlig innsyn på Kundetorget i Tysvær kommunes rådhus i Aksdal, på Servicetorget til Bokn kommune, på SFTs hjemmesider [www.sft.no/horing](http://www.sft.no/horing) samt på Gassnova SFs hjemmesider [www.gassnova.no/sw3101.asp](http://www.gassnova.no/sw3101.asp).

Frist for uttalelse til saken er satt til 01.12.2007. Uttalelser sendes skriftlig til Statens forurensningstilsyn, Postboks 8100 Dep., 0032 Oslo.

Olav Vikse:

## "Gyldne øyeblikk"

Kulturkveld



Bokn bedehus, fredag den 16. november kl. 19.00

Hugsar du Olav Vikse si rolige og lune stemma frå programposten Morgenstunden i NRK P1, og hugsar du "Gyldne øyeblikk", innsendt av lyttarane.

Olav Vikse er prest og journalist. No som han er pensjonist, reiser han mykje for Hordaland Folkeakademi med ei rekke kåseri. Han fartar mykje i andre land og kulturar, noko som pregar kåseria hans.

Vikse sine "Gyldne øyeblikk" vert fint innrama av song av Venevil, Lillian og Daghild.

Og som vanleg vert det servert mykje god tradisjonsmat.

Pris kr. 150 - Arrangør: Bedehusstyret og Bokn Mållag

## Familiejulefest

Lørdag 1. des. kl. 13.00 i gymsalen på skulen.

Danseoppvisning

Leker for alle - Lodd og lucky dip

Salg av kaffe og kake - Besøk av nissefar

Velkommen alle store og små!

**Arr. Bokn Dansekubb**

## AUSTRE BOKN BYGDALAG takker

Bokn kommune og sponsorene Bokn Sjøservice, Hårsmiå, Krovågen Hestesenter, Odd Grønnestad, Tåganes Eiendom AS, Galaged kitchen – som har bidratt til at miljøstasjonen på Austre Bokn er blitt planert og asfaltert.

Hilsen Austre Bokn Bygdalag v/styret.

# Julemarked 24.november

## Hos Coop marked på bokn

**10 -15**

Godt utvalg av frukt /grønt, julekaker, julepålegg, lys og servietter.

- Barnekoret synger kl. 11.30
- Salg av Magretes nisser.
- Salg av varme smultringer fra vogn.
- Utsalg av varer fra Solrunn.
- Julekortfotografering ( Art foto)
- Tegnekonkurranse – Hesteridning.

Cafe!

Nissen kommer.

# **Velkommen til en hyggelig førjulstid på Bokn**



**9 – 18 (16)**



NB!

- ✓ Nå er det lurt å spare i fond
- ✓ Stikk innom SpareBank 1
- ✓ plasser penger i et ODIN-fond

Histориен viser at langstiktig sparing i aksjefond har gitt bedre avkastning enn vanlig banksparing, selv om en enkelte år kan oppleve store svingninger i aksjemarkedet. De fleste av oss har ikke anledning til å følge med i aksjemarkedet selv. Plasserer du penger i et ODIN-fond vil kunnskapen og erfaringen til ODINs forvaltere gi deg muligheter for en høy avkastning over tid. Mens forvalterne jobber for deg kan du planlegge hva du vil gjøre med den forventede mer-avkastningen som langstiktig sparing i aksjefond forventes å gi. Stikk innom SpareBank 1 i dag, så får du høre mer om hvordan du sparer i fond, og hvilke muligheter fondssparing gir.  
**Kjøp ODIN-fond av noen som kjenner deg.**  
Stikk innom SR-Bank Bokn eller ring oss på telefon 52 74 82 21 - så forteller vi mer!

**SpareBank 1** SR-Bank

bank · fond · forsikring · eiendomsmegling



## Div. tenester på Boknatun

### BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.

52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

**Geir Austvik - fysioterapeut**

### BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00  
ved fysioterapirommet.

#### Enkelte laurdagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28

Direkte nr.: 52 75 25 33

**Rita Bokneberg - fotterapeut**



### NAV Bokn trygd

Kontortid Kl. 9.00 – 14.30

Telefondid Kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: 815 81 000

### LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun  
kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre  
vekedagar, tlf. **52 75 71 75**

**Bjørn Bruaset - jordbruksjef**

### TANNLEGEKONTORET

Tysdagar og torsdagar kl. 08.30 - 15.00  
kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 80

**Marita Ølund- tannlege**

Stort forsidebilde:

Mykje friluftsliv med høg spenningsfaktor for humrafiskarar.

Foto: Kjetil Hamre



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli.

Eit abonnement kostar kr. 325,- pr. år, gratis for bortebuande skulelevar og studentar.

### BYGDABLADEMND

Eva Moi  
May Jorunn Vatnaland  
Johannes Nilssen

### TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør  
Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08  
E-post: jardar@bygdabladet.no

Reidar Alvestad, journalist  
Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04  
E-post: reidar@bygdabladet.no

Linda Ognøy, medarbeider  
Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82  
E-post: linda@bygdabladet.no

### ANNONSEPRISAR

Heilside	kr. 625,-
Halvside	kr. 375,-
Kvartside	kr. 188,-
1/8 side	kr. 125,-
Privatann.	kr. 62,-
Fastann.	etter avtale

[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no)

### SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 – 15.00.

#### Me kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus,m.m.
- kopiering

**Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.  
E-post: postmottak@bokn.kommune.no**



#### Opningstider:

Mandag	09.00 - 11.30 (for skulen)
Tysdag	09.00 - 13.30
Onsdag	16.00 - 19.00
Torsdag	09.00 - 13.30

BOKN BIBLIOTEK

# Sesongavslutning

Jardar Havikbotn



Bokn idrettslag (BIL) hadde sesongavslutning for fotballsesongen 2007 i gymsalen torsdag 25.10.

Formann Arne Hosaas kan opplysa til Bygdabladet at alle dei 67 aktive spelarane i alderen 7 - 15 år, fordele på 7 lag, fekk pokalar. Ei gruppe jenter frå ungdomsskulen spelar på Falkeid.

Trenrar og oppmenn fekk blomar som takk for innsatsen.  
Kvelden blei avrunda med gratis bingo.

- BIL vil takka alle som på ulike måtar har vore med å bidratt til å halda fotballaktivitetane i gong, avsluttar Arne.

---

**TRENARAR OG OPPMENN GJER EIN KJEMPEINNSATS:**

Bak fv. Per Helge Sunde, Arild Nilssen, Atle Jøsang, Steeven Høyland, Louis Medhaug og Leif Kjellesvik.  
Framme fv. Grethe Alvestad, June Kro og Gunn Hognaland.

Kjell Olav Skjelde, Roger Jøsang, Fredrik Faye, Rannveig F. Øvrebø, Tore Øvrebø og Hege Sunde var ikkje til stades då bildet blei tatt.

